



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Osterfjorden sokneråd**  
**Ørnova 21**  
**5993 Ostereidet**

**09.11.2020**

**Kirkerådet**

**post.kirkeradet@kirken.no**

**HØYRINGSSVAR**

Dette er høyringssvar på høyringa om «Endringer i kirkeordningen og enkelte andre regler»

Osterfjorden sokneråd har valgt å svare på punkt 4 –  
«Virkningen av brudd på trossamfunnsloven §6»

Viser til punkt 4(s 4), ny paragraf 10 ( side 13) -Kyrkjerådet sitt ynskje om å kunne frata demokratisk valgte medlemmar i sokneråda verva.

Det har vert gjennomført ei demokratisering av kyrkja, med val kvart 4. år. Kyrkjerådet er som kyrkja sitt storting, og sokneråda kan samanliknast med kommunestyret.

Dei er valde av dei same veljarane og er like legitime.

Når ein ynskjer å gjere endringar, er det naturleg å samanlikne med andre folkevalde organ. Kommunelova er den som er mest nærliggande å bruke.

I kommunelova §7-11, suspensjon, står det at kommunestyret eller Fylkestinget kan sjølve suspendere folkevalde. Om det er tatt ut siktelse eller tiltale. Og dette kun i nokre utvalgte paragrafer i straffelova.

Det er ingen andre organ som kan vedta suspensjon. Ein kommunestyrerrepresentant kan kun suspenderast av det kommunestyre han sjølv sit i.

Overfører ein dette til kyrkja, kan eit soknerådsmedlem kun bli suspendert av det soknerådet han sjølv sit i , om det er tatt ut tiltale eller siktelse.

I høyringsnotatet s 13, står det «leggast til grunn». Dette er ikkje eit handfast begrep.

Siktelse og tiltale som er brukt i kommunelova kan politiet utstede eit dokument på.

Me ynskjer rettssikkerhet for folkevalde i framtida , også i kyrkja. Høyringsnotatet gir også eit urovekkande signal om at kyrkjerådet utfordrar tredelinga i maktfordelingsprinsippet i rettsstaten., til demokratiet. Dei er allereie lovgivar. Dei ønsker openlyst å verte dømmande makt, og sidan det ikkje kjem klart fram av høyringa kven som forvaltar uttrykket «legg til grunn», så ser det ut som kyrkjerådet har tiltenkt seg sjølv rolla som utøvande makt, med etterforskning og politirolle også. Kyrkjerådet har då blitt ein eineveldig «konge»

Mvh. Soknerådet i Osterfjorden

Geir Ove Hopsdal leiar

Sonja Molvik sekretær

Postadresse:  
Ostereidet kyrkjekontor  
Ørnova 21  
5993 Ostereidet

E-post:  
[post.osterfjorden@kyrkja.no](mailto:post.osterfjorden@kyrkja.no)

Telefon  
40001691

Postadresse:  
Ostereidet kyrkjekontor  
Ørnova 21  
5993 Ostereidet

E-post:  
[post.osterfjorden@kyrkja.no](mailto:post.osterfjorden@kyrkja.no)

Telefon  
40001691